

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

Tid: 7. juni 2007, kl. 9.00-12.10

Sted: Haukeland Universitetssjukehus, Personalkantina, møterom "Ulriken"

Frå styret:	Ranveig Frøiland, styreleiar Kari Tove Elvbakken Albright Sangolt Sigurd Hille Helge Bryne Signy Midtbø Riisnes	Mabel Wiik Brita Ommedal Tarberg Eirik Vikane Karin Gaassand
Forfall:	Oddny Miljeteig, Mette Mikkelsen	
Frå administrasjonen:	Stener Kvinnslund Anne Sissel Faugstad Mona Høgli Ragnhild Aarekol	
	Eivind Norebø (sak 43/07) Tor Visnes (sak 44/07) Anja Rolvung (sak 45/07) Egil Haugland (sak 45/07)	

Merknader til innkalling og dagsorden

Ingen merknader til innkallinga.

Dagsorden:

- | | | | |
|-----|-------|---|--|
| Sak | 42/07 | B | Protokoll frå styremøte 30. april 2007 |
| Sak | 43/07 | O | Rapport frå verksemda pr april 2007 |
| Sak | 44/07 | B | Tiltakspakke 2007 - Styrking av klinikk psykisk helsevern for barn og unge |
| Sak | 45/07 | B | Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin – konseptrapport |
| Sak | 46/07 | B | Høyring – helse 2020 |
| Sak | 47/07 | O | Aktuelle saker frå administrerande direktør <ul style="list-style-type: none">- Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest- Nytt venteareal |
| Sak | 48/07 | O | Eventuelt |

Sak 42/07 B Protokoll frå styremøte 30. april 2007

Vedtak

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte 30. april 2007.

Sak 43/07 O Rapport frå verksemda pr april 2007

Kommentar

Administrerande direktør formidla hovudtrekk frå verksemda pr utgangen av april 2007. Den økonomiske utviklinga etter fire månader er om lag som budsjettet, og aktiviteten er noko lågare enn på same tid i fjor.

Styret var nøgd med resultatet pr april 07, og roste administrerande direktør og hans medarbeidarar.

Styret ønskjer å få ei månadleg rapportering tilsvarende tabell 1 i rapport frå verksemda.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

Sak 44/07 B Tiltakspakke 2007 – Styrking av klinikk psykisk helsevern for barn og unge

Kommentar

Administrerande direktør orienterte om kvifor det er ønskjeleg å styrke Psykiatrisk divisjon sitt budsjett med 4 mill kroner. Helse Bergen skal, i tråd med styringsdokumentet for 2007, innan 2008 ha ein kapasitet innan psykisk helsevern for barn og unge som set føretaket i stand til å nå fem prosent av barn og unge i opptaksområdet. Dette er også eit nasjonalt mål. Helse Bergen dekkjer i dag omlag 70 % av målet. Ei styrking av budsjettet gjer at talet på fagstillingar og polikliniske stillingar kan aukast, noko som vil vere eit viktig bidrag for å nå målet.

Vedtak

1. Styret i Helse Bergen vedtar å auke budsjettet i 2007 for Psykiatrisk divisjon med 4 mill kroner.
2. Denne budsjettstyrkinga skal sikre ein auke i den polikliniske kapasiteten ved klinikk psykisk helsevern for barn og unge.
3. Styrkinga vert finansiert ved å bruke av føretaksreserven.

Sak 45/07 B Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin - konseptrapport

Kommentar

Administrerande direktør innleia sak, arkitekt Anja Rolvung, KHR arkitekter, København, gjennomgjekk innhaldet i konseptet, og prosjektdirektør Egil H Haugland gjorde greie for dei økonomiske konsekvensane av investeringane.

Planane om eit nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin (BUSB) har vore framme for styret i Helse Bergen ved fleire høve, seinast som orienteringssak hausten 2006 i samband med gjennomført plan- og designkonkurranse. Innfasing av senteret i helseføretaket sin investeringsplan, har og vore omtalt kvar gong arealplanen for Helse Bergen har vore styrebehandla.

BUSP representerer det største investeringsprosjektet på Haukeland sidan den store utbygginga av universitetsklinikken på 1970-talet.

Styret tok pause før drøfting og avstemming av saka, og fekk høve til å studere ein modell av senteret.

Styret var svært begeistra for konseptet og dei planane som vart presentert, og kommenterte blant anna at konseptet var overbevisande og logisk bygt opp. Eitt moment vart det uttrykt skepsis til, og det var den estimerte effektiviseringa av drifta på 18 mill kroner første driftsår.

Vedtak

- a. Styret tilrår at den framlagte konseptrapporten vert lagt til grunn for vidareført prosjektering av nybygg for barn, unge og psykosomatisk medisin, og ber om at dei to skisserte etappane for gjennomføring av prosjektet, vert fremja som separate forprosjekt.
- b. Som del av forprosjektet føreset styret at det vert arbeidd vidare med tiltak som kan redusera kvadratmeterprisen i forhold til konseptrapporten.
- c. Det må framforhandlast bindande avtaler med Universitetet i Bergen og Høgskulen i Bergen om finansiering og drift av areal til undervisning og forsking.
- d. Finansieringsgrunnlaget for det skisserte "Barnas energisenter" må kvalifiserast nærmare før forprosjektet vert lagt fram for godkjenning.
- e. Konseptrapporten vert å senda over til Helse Vest for handsaming/godkjenning.

Sak 46/07 B Høyring – helse 2020

Kommentar

Administrerande direktør innleia saka, og uttrykte at han er svært positiv til utkastet til strategi for vidareutvikling av spesialisthelsenesta i helseregionen, Helse 2020, som Helse Vest no har sendt til høyring. Mange tilsette i Helse Bergen har vore engasjert i utarbeidninga av dokumentet gjennom deltaking i ulik faggrupper.

Høyringsutkastet er behandla av Brukarutvalet i Helse Bergen og FAMU, og det er gjennomført drøftingsmøte med dei tillitsvalde.

Styret var positive til innhaldet i Helse 2020.

Vedtak

Styret i Helse Bergen sluttar seg til dei helsepolitiske og helsefaglege føringane som ligg i Helse 2020.

Sak 47/07 O Aktuelle saker frå administrerande direktør

Kommentar

Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest

Helse Vest vedtok 23. mai 07 å vidareføre nevrokirurgisk aktivitet i Stavanger med nokre mindre justeringar i forhold til samarbeidsavtalen som vart inngått i august 2005. Saka er og behandla og vedtatt 24. mai 07 i føretaksmøta med Helse Bergen og Helse Stavanger. Helse Bergen går heilhjerta inn for å følgje opp vedtaket, og vonar at striden no legg seg.

Nytt venteareal

15. mai opna eit nytt venteareal for utanbys pasienttransport i Sentralblokka på Haukeland. Det vert her lagt til rette for pasientar som ventar på interkommunal, rekvisisjonsbasert og koordinert sjuketransport. Arealet er på dagtid, måndag til fredag, bemanna av trafikkplanleggarar frå Køyrekontoret.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

Sak 48/07 O Eventuelt

Ambulansesituasjonen

Albrigts Sangolt ønske ei tilbakemelding frå administrasjonen knytt til status for ambulansesituasjonen i kommunane Samnanger og Øygarden.

Referent Ragnhild Aarekol
Bergen, 12. juni 2007

Ranveig Frøiland
styreleiar

Kari Tove Elvbakken
nestleiar

Helge Bryne

Sigurd Hille

Signy Midtbø Riisnes

Albrigts Sangolt

Mabel Wiik

Brita Ommedal Tarberg

Eirik Vikane

Karin Gaassand

Sett:

Oddny Miljeteig

Mette Mikkelsen